



**Internt notat**

Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
2020/1049-15	Marius Vøllestad,	033	11.04.2021

<b>Til:</b>	
<b>Frå:</b>	Marius Vøllestad

**Referat frå møte i SU 10.03.2021**

**Nasjonale prøver**

Orientering frå rektor: Elevane ved skulen gjer det generelt sett bra på rekning og ligg over gjennomsnittet i landet. I lesing ligg elevane på snittet, medan i engelsk ligg elevane lågare enn elles i landet.

Elevrepresentantar kjem med innspel på kva ein kan gjere for å bli betre i engelsk.

Rektor meiner fokuset bør ligge på småskulen og setje inn støtet der, slik at ein tidleg kan få inn engelsken. Engelsk har vore ei utfordring på skulen i ein lengre periode. Rektor vil ha meir vidare- og etterutdanning av tilsette, og ha fleire framandspråk ved skulen. Han ynskjer å ha spansk inn som ei framadspråk.

FAU-representant: Viktig at val av arbeidslivsfag eller framandspråk blir sett fokus på når føresette og elevar får informasjon i 7. klasse.

**Skulen sitt utviklingsarbeid. Kvar er vi?**

På skulen er fokuset i vårperioden på fagfornyinga og det å lage tverrfaglege opplegg. Rektor har søkt om 400.000 i midlar for å kartlegge universell utforming.. Det er problem med lydisolasjon, rømmingsvegar. Rektor synast dette er veldig bekymringsverdig. Alle rom skal ha tilgang med rullestol.

Det blir søkt om opp til 2 millionar for å forbeiter utemiljøet. Vi må ha ein skulegard som fristar til å vere ute.

Lærarrepresentant: Dårleg luft i klasseromma og veldig kaldt på vinteren og veldig varmt på sommaren.

Det går bra med jobbinga i felles fritidsrom og grupperom for ungdomsskulen.

## **Skulerute**

Avspassing er ønskeleg 22. desember

### **Evaluering av skuletimar på 60 minutt.**

Elevrådet ynskjer seg at den fyrste økta på 90 minutt blir delt i to øktar på 45 minutt. Dei synast at 90 minutt er litt langt. Lærarrepresentant er veldig positiv til 90 minutt med tanke på djupnelæring og det å starte opp dagen.

Fråvær førast på Visma.

FAU-saker kjem på neste møte, sidan det førre møte vart utsett.

Neste møte 5. mai 2021 kl: 16:00 på møterommet.

Referent:

Lærarrepresentant: Hedda Skyum